

Årsmelding for Imsland kyrkjelyd 2015

Soknerådet har hatt ni møte og har handsama 37 saker i 2015. Vi har ein representant i Vindafjord kyrkjelege fellesråd. To representantar tok også del i eit årleg møte mellom sokneråda og Fellesrådet. Soknerådet har ein representant i Felles Utval for Trusopplæring, samt representantar i felles diakoni-utval og i felles trusopplæringsutval for Imsland, Vikedal og Sandeid.

I september vart det arrangert val på nytt sokneråd. Dei fleste i soknerådet yngste ikkje attval, slik at ein måtte finna nye folk til lista. Det vart avgitt heile 107 røyster, noko som gir ein deltakarprosent på 48, som er langt over gjennomsnittet i landet. Det nye soknerådet har konstituert seg med Jolaug som leiar, og avgåande sokneråd vil ynskja det nye rådet lukke til med arbeidet vidare.

Det var i år berre tre konfirmantar i soknet. Dei kunne i vårsemesteret vera med i ei av dei fire gruppene Form og farge, Foto, Diakoni og Friluftsgruppe. Diakonigruppa vitja Vindafjord omsorgsenter i Vats og var med på eldretreff i Vikedal og i Sandeid. Det vart også i år arrangert ein vellukka overnattingstur til Eintveit i Åkrafjorden. Konfirmantane samla inn pengar til Kirkens Nødhjep i den tradisjonelle fasteaksjonen. Resultatet i år vart kr 6267,-, omlag det same som året før.

Det vart laga til konfirmantfest på bedehuset etter gudstenesta 21. april. Takk til foreldra til konfirmantane i 2014 som var med og arrangerte festen.

I haust vart det påmeldt seks konfirmantar som kunne velja mellom gruppene Friluftsliv, Diakoni, Foto, Form-farge og Krik.

Vi hadde den tradisjonelle gudstenesta saman med Frelsesarmèen 1. påskedag, etterfylgd av kveldsmat på bedehuset. Det vart arrangert felles gudsteneste for heile kommunen Kristi himmelfartsdag 14. mai, etterfylgd av matøkt og "Syng med oss" på bedehuset. Bjelland-familien leia allsongen og stod for musikken. Soknerådet stod sjølv for tilretteleggjinga av hausttakkegudstenesta 27. sept. sidan bygdekvinnelaget har hatt eit "pause-år". Vonar dei blir med neste år.

I år vart "Vi syng jula inn" lagt til 20. desember. Eit vellukka arrangement med berre lokale aktørar. Vi fekk høyra det nye barne- og ungdomskoret i bygda som Marita har teke initiativ til. Takk til alle som bidrog med song og musikk.

Det vart halde gudsteneste for skulen før jul.

På gudstenesta julafta møtte det opp heile 180 personar.

Gullkonfirmantane frå Sandeid, Vikedal og Imsland vart i år inviterte til gudsteneste og fest i Vikedal. Frå Imsland møtte tre av seks gullkonfirmantar.

Trusopplæringsarbeidet er nå godt igang med fire tilsette med tilsaman 145 % stilling. Målet er at alle døypte skal få tilsaman 315 timar trusopplæring over dei 18 første åra. Aktivitetane i år har vore:

- Babysong lokalisert til Skjold og Ølen.
- 4-årssamling med gudsteneste og utdeling av bok
- Kyrkjevandring for femåringane før jul og påske
- Utdeling av biblar til 11-åringar.
- "Krølllekveld" for 2 - 3 åringane samam med Vikedal.

- "Lys vaken" blir arrangert anna kvart år i Imsland.

Utover soknet sine tildelte midlar frå staten til trusopplæring, bidreg vi med kr 2000,- i tilskot til Felles Utval for Trusopplæring og kr 5000,- til ungdomsklubben i Vikedal.

Godkjenning av grunnordninga for gudstenester for soknet gjekk ut i år, men er etter ny søknad med mindre endringar, på nytt godkjend. Vi har samarbeidd med Sandeid og Vikedal om ei felles ordning.

Soknerådet foreslo for Fellesrådet å dekkja kostnaden med installasjon av klimaanlegg i kyrkja. Dette vart avslått. Vi har fått lovnad frå Kyrkjeverja om nytt gjerde på sør- og vestsida av kyrkjegarden og maling av vindauger på sørsida. Arbeidet er dessverre ikkje kome igang, men vil bli fylgt opp av det nye soknerådet.

Bedehuset har vore i bruk for minnestunder og er elles brukt til kyrkjekaffi og soknerådsmøter. Vi har fått eit sett med brukte flate og djupe tallerkar frå Bygdahuset og det er kjøpt inn nytt bestikk. Det vart arrangert bedehusbasar i år også, med eit overskot på kr 20.080,-

Litt statistikk:

	2015	2014	2013
Tal ordinære gudstenester	20	22	20
Gjennomsnittleg tal deltakarar	41	47	40
Døypte	2	5	2
Herav heimeverande i soknet	1	2	1
Konfirmantar	3	9	1
Vigslar	0	0	0
Gravferder	3	5	10

I takkoffer har det i år kome inn kr 34.234,- derav gjekk kr 11.444,- til arbeid i eigen kyrkjelyd. I fjor var tala kr 45.088,- og kr 18.057,50.

Soknerådet takkar også for gáva til kyrkja på kr 5.615,- i samband med Ingebjørg Hustveit si gravferd.

Økonomi:

Fond	55199240	Fond - Imsland Bedehus 2014	kr 40 053,90
		Overskot 2015	kr 9,08
		Fond - Imsland Bedehus 2015	kr 40 062,98
	55199241	Fond - Kyrkjejubileum Imsland 2014	kr 2 700,00
		Avslutta 2015 overf.eigenkapital	kr (2 700,00)
		Fond - Kyrkjejubileum/bok Imsland 2015	kr -
Fond	55199242	Fond - Imsland Bedehus Testamente 2014	kr 200 000,00
		Renter 2015	kr 3 000,00
		Fond - Imsland Bedehus Testamente 2015	kr 203 000,00
Fond	55199243	Fond - Maleri (nytt fond 2014)	kr 45 300,00
			kr -
		Fond - Maleri 2015	kr 45 300,00
Fond	55699160	Fond/Eigenkapital 2014	kr 103 929,44
		Overført frå fond 55199241	kr 2 700,00
		Overskot 2015	kr 302,07
			kr 106 931,51